

# Møteinkalling

---

**Utval:** **Folgefonna nasjonalparkstyre**

**Møtestad:** Odda kommune, Rådhuset

**Dato:** 15.03.2016

**Tidspunkt:** 10:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på e-post: [fmhoabh@fylkesmannen.no](mailto:fmhoabh@fylkesmannen.no) eller tlf. 409 04 341. Vara møter for Solfrid Borge og Siri Klokkerstuen. Andre vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.



## Saksliste

| <b>Utvalgs-<br/>saksnr</b> | <b>Innhold</b>   | <b>Lukket</b> | <b>Arkiv-<br/>saksnr</b> |
|----------------------------|--|---------------|--------------------------|
| ST 1/16                    | Godkjenning av innkalling og dagsorden   |               |                          |
| ST 2/16                    | Underskrift av protokoll frå førre møte  |               |                          |
| ST 3/16                    | Søknad - Arrangere Folgefonna Opp - Folgefonna Nasjonalparkstyre 2016  | 2016/2846     |                          |
| ST 4/16                    | Framlegg - Folgefonna Nasjonalpark - Ullensvang - Gnr 52 bnr 1 - Vedhogst til eige bruk - Ove Kambestad            | 2016/2230     |                          |
| ST 5/16                    | Framlegg - Konstituering av styre - Folgefonna Nasjonalparkstyre 2016  | 2016/2843     |                          |
| ST 6/16                    | Framlegg - Tildeling av tiltaksmidler til Folgefonna Nasjonalparkstyre 2016  | 2016/2843     |                          |
| RS 1/16                    | Informasjonsbrev - Folgefonna Nasjonalparkstyre 2015 - Møteinkallinger - protokoller - midler                      | 2015/1286     |                          |
| DS 1/16                    | Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Bruk av snøscooter mellom Espeland og Vierdal vinteren 2016               | 2016/1870     |                          |
| DS 2/16                    | Oversending av søknad - Folgefonna Nasjonalpark - Holmaskjer - Motorferdsel - Odda / Ullensvang Turlag             | 2016/422      |                          |
| DS 3/16                    | Søknad - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Skare - Fossaseter - Bruk av scooter til utkjøring av saltstein          | 2015/15138    |                          |
| DS 4/16                    | Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Snøscootertransport fram til Blåvassbu og Svarthammar 2016 - Ola Espeland | 2016/827      |                          |
| DS 5/16                    | Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Etne - Bruk av snøskuter - Bergstø   | 2016/2652     |                          |
| DS 6/16                    | Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Espelandsmarka - Grønsdalsstølane - Sandvinsstølane - Motorferdsel        | 2016/1288     |                          |
| DS 7/16                    | Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Kvinnherad - Helikoptertransport mellom Ænes og Gygrastolsvatnet                 | 2016/1783     |                          |

ST 1/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 2/16 Underskrift av protokoll frå førre møte

Arkivsaksnr: 2016/374-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 29.02.2016

| <b>Utval</b>                 | <b>Utvalssak</b> | <b>Møtedato</b> |
|------------------------------|------------------|-----------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 3/16             | 15.03.2016      |

## **Søknad - Arrangere Folgefonna Opp - Folgefonna Nasjonalparkstyre 2016**

### **Forvaltaren si tilråding**

Ænes og Mauranger Bygdalag får løyve til å arrangere motbakkeløpet Folgefonna Opp i Bondhusdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark. Vedtaket er fatta med heimel i *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde*, § 3 punkt 4.2 og *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark*, § 3 punkt 5.2. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for laurdag 27.august 2016.
- Løyvet gjeld for organisert ferdsel til fots frå P-plassen, grusvegen inn Bondhusdalen, opp Gardhammarvegen og til Fonnabu. Deltakarane skal gå same vegen attende.
- Løyvet gjeld for inntil 500 deltagarar.
- Arrangøren må kontakte grunneigarane for eit samarbeid til gjennomføring av løpet. Døme på avklaringar er parkering av bilar, husdyr på beite og landbruksdrift.
- Arrangøren skal syte for handtering av avfall o.l. etter løpet.
- Nasjonalparkstyret skal ha rapport (tal deltagarar og erfaringar) frå arrangøren om gjennomføring av arrangementet. Tilbakemelding på e-post til; [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) Referanse: 2016/374.

Ænes og Mauranger Bygdelag får løyve til å nytte ATV og/eller bil til transport av varer og naudsynt materiell i samband med motbakkeløpet Folgefonna Opp og Mauranger-dagen. Vedtaket er fatta med heimel i naturmangfaldlova § 48. For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld ikkje persontransport.
- Motorferdsla skal finne stad på vegen mellom parkeringsplassen og Sandarvollen i Bondhusdalen.

- Talet på turar skal avgrensast så mykje som råd, og gjeld berre for naudsynt transport av varer og utstyr i samband med arrangementa.

Motorisert ferdsel i samband med redningsverksemd der liv og helse står i fare er tillate med heimel i *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde* § 3 punkt 5.2.a, og er ikkje søknadspliktig.

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i *Lov om motorferdsel* eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.

Løyvehavar står sjølv ansvarleg for å innhente samtykke frå aktuelle grunneigarar i samband med arrangementet og motorferdsla.

## Søknaden

Ænes og Mauranger Bygdalag v/ Ottar Eide søker i brev datert 20.02.2016 om løyve til å arrangere motbakkeløpet Folgefonna Opp i Bondhusdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark laurdag den 27. august 2016.

Ænes og Mauranger bygdalag står ansvarleg for å avvikle arrangementet. Ynskje er å skapa liv i bygda og interesse for regionen.

Starten på motbakkeløpet vert parkeringsplassen i Bondhusdalen. Deltakarene spring inn dalen, opp vegn til Gardshammar og vidare på sti til målgang på Fonnabu. Det vil også gå eit kortare løp frå parkeringsplassen og opp til Gardshammar for juniorar og eit barneløp til samlingsplassen på Sandarvollen.

Dette vil i hovudsak innebera aktivitet til fots, både for deltakarar og funksjonærar. Motbakkeløpet har vore arrangert 4 gonger sidan 2012. Dei 2 første gongene med Folgefonna IL som arrangør, og med Ænes og Mauranger Bygdalag som arrangør i 2014 og 2015.

Deltakartalet har vore mellom 25 til 88 (i 2015). Tilbakemeldingane frå løparane er svært gode og bygdalaget håpar no på auka interesse sidan løpet er meir kjent. For å ta høgde for dette søker dei om eit deltagartal på 500.

Løpet vil vere om lag 6 timer frå starten til deltakarane er nede att på Sandarvollen. Bygdalaget vil samstundes arrangere Maurangerdag på Sandarvollen inne i landskapsvernområdet. Her blir det sal av tradisjonsmat, ulike aktivitetar for born og vaksne, samt musikalske innslag og premieutdeling etter løpet. Maurangerdagane vil skape ei fin ramme kring løpet og bli ein folkefest.

Det vert samstundes søkt om løyve til motorferdsel, fortrinnsvis med ATV, i samband med frakt av utstyr i samband med arrangementet. Den motoriserte ferdsla vil i hovudsak gå føre seg langs traseen frå parkeringsplassen ved Smalastølen til Sandarvollen.

## **Vurdering av saka etter verneforskrifta**

Saka gjeld organisert ferdsel i Bondhusdalen landskapsvernområde og Folgefonna nasjonalpark, samt motorisert ferdsel i Bondhusdalen landskapsvernområde.

Søknaden må vurderast med heimel i *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde* og *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark*.

I *Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark* § 3 punkt 5.2 og *Forskrift om vern av Bondhusdalen landskapsvernområde* § 3 punkt 4.2, står det om organisert ferdsel: «*Reglane i denne forskriften er ikkje til hinder for organisert turverksemd til fots så lenge naturmiljøet ikkje vert skadelidande. Annan organisert ferdsel og ferdsselsformer som kan skade naturmiljøet må ha særskilt løyve av forvaltningsmyndigheita. Utover dette vises det til forvaltningsplanen i § 5*

I høve forvaltningsplanen må organisert ferdsel til fots som kan vera til skade for naturmiljøet ha særskilt løyve.

*"Organisert ferdsel har ein når ein aktivitet krev ei viss planlegging, koordinering og leiing, har fleire enn 50 deltagarar, vert kunngjort på førehand eller har ei form for gjentaking".*

Forvaltaren meiner at motbakkeløpet er av eit slikt omfang at det krev løyve fra forvaltningsmyndigheita.

### **Motorferdsel i Bondhusdalen landskapsvernområde:**

I følgje verneforskrifta for Bondhusdalen landskapsvernområde § 3 punkt 5.1 er *motorferdsel forbode på land, vatn og i lufta under 300 meter*.

Verneforskrifta opnar i utgangspunktet ikkje for motorferdsel i samband med omsøkte arrangement inne i verneområdet. Søknaden må difor vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova som opnar for at ein kan gje dispensasjon frå verneforskrifta dersom tiltaket ikkje er i strid med verneføremålet og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig.

## **Vurdering av saka etter naturmangfaldlova:**

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og veklagt i saka.

I landskapsvernområdet og nasjonalparken skal det vere ein meir restriktiv praksis for slike arrangement enn utanfor verneområda. I verneområda skal besøkjande kunne oppleve fred og ro. Eit mål er å oppretthalde områda som attraktive turområde kor ein kan utøve enkelt og tradisjonelt friluftsliv. All ferdsel skal skje med varsemd slik at ein ikkje skadar natur- eller kulturminne. Ved handsaming av søknader om organisert ferdsel må nasjonalparkstyret vurdere om aktiviteten kan gje negativ verknad på naturmiljøet og det tradisjonelle friluftslivet.

Motbakkeløpet Folgefonna Opp har no blitt arrangert i Bondhusdalen i fire år (frå 2012), og nasjonalparkstyret har motteke rapport frå alle desse løpa. Løpet hadde rundt 25 deltagarar dei to første åra, 51 deltagarar i 2014 medan det i fjor var 88 deltagarar. Det har samstundet vore arrangert Maurangerdag på Sandarvollen, med ulike aktivitetar for born og vaksne. Ænes og Mauranger bygdalag har rapportert frå løpet i 2015, og der nemner dei m.a. at:

- Alt boss og liknande vart plukka opp, både på Sandarvollen, på stien, elles i fjellet og ved Fonnabu.
- Det var ikkje teikn til særskild slitasje på vegetasjonen eller på stien.
- Arrangøren hadde god dialog med grunneigarar og bønder som held seg i området.
- Arrangøren respekterte reglane for motorisert ferdsel.
- Alle deltagarar fekk beskjed om å halde seg på stien, samt ta vare på boss og liknande.

Staten naturopsyn har vore på synfaring i etterkant av alle løpa og har ikkje hatt nokon merknader til korleis området har vore etter gjennomført arrangement.

Naturmangfaldlova §§ 8-12 gjev viktige prinsipp for å vurdere kunnskapsgrunnlaget, samla belastning og mest skånsam gjennomføring.

#### *§ 8 kunnskapsgrunnlaget*

Motbakkeløpet har no vore arrangert fire gonger. Det er ikkje registrert negative verknadar på verneverdiane etter desse arrangementa. Statens naturopsyn vil årleg registrere markslitasjen i området etter løpet, slik at ein har oversikt over utviklinga. Konkrete punkt langs løypa vert kartlagt både før og etter arrangementet.

Løpet skjer på grusvegen inn Bondhusdalen og vidare opp Gardshammarvegen før det fortset på sti opp til Fonnabu. Ferdsla er kanalisert på tilrettelagt underlag i terrenget, og faren for slitasje vil vera størst frå Gardshammar til Fonnabu der ein går frå å grusa veg over til sti. I gjennomsnitt er det 16 000 – 17 000 personar som kvar sommarsesong ferdast i området. Forvaltaren er ikkje kjend med særskilte skader på grusvegen eller stien frå denne ferdsla, forutan ordinær markslitasje.

Motbakkeløpet er planlagt for inntil 500 deltagarar på ein dag, det vil gje meir slitasje enn om ferdsla vert over lengre tid. Om det vert mykje nedbør vil det påverke slitasjen meir enn om det vert tørt. Ein vil følgje med på markslitasjen etter motbakkeløpet, slik at ein har høve til å gå inn og regulere talet på deltagarar dersom ein ser at løpet fører til for store skadar på terrenget.

Jf. Naturbasen og Artsdatabanken er det ikkje registrert sårbare artar eller naturtypar som krev særskilt omsyn på dette tidspunktet.

Det har vore arrangert turar med servering inn til Bondhusvatnet tidlegare med avgrensa bruk av motorkjøretøy, og det er ikkje registrert problem med denne praksisen. Motorferdsla vil skje på eksisterande veg og medfører ikkje slitasje på vegetasjon. Den delen av landskapsvernområdet som skal nyttast til Maurangerdagen er kulturmark, og representerer ikkje den mest sårbare naturen i Bondhusdalen.

#### *§ 9 føre-var prinsippet*

Turar til fots i verneområda er uproblematisk så lenge det føregår på ein måte og med eit omfang som ikkje skader naturmiljøet. I denne saka er det søkt om inntil 500 deltagarar. Det har tidlegare vore mellom 25 og 88 deltagarar kvart år, så ein har difor ikkje fått noko erfaring med markslitasje for store grupper endå, men Statens naturopsyn vil følgje med på utviklinga.

Avgrensa motorferdsel på vegen inn til Bondhusvatnet vil ikkje føre til skader på naturmangfaldet, men kan skade opplevingsverdien i området. Det er stilt vilkår til motorferdsla som avgrensar denne til eit minimum.

Forvaltaren meiner kunnskapen om tiltaket sin påverknad på naturverdiane er gode. § 9 om føre-var prinsippet vil difor ikkje bli tillagt vekt.

#### *§ 10 økosystemtilnærming og samla belastning*

Forvaltaren vurderer at sjølve Maurangerdagen og avgrensa motorferdsle i samband med denne og Folgefonna Opp isolert sett ikkje vil vere i strid med verneføremålet. Men vert det aktuelt med fleire slike arrangement årleg i kombinasjon med annan auka bruk av området, kan det samla sett vere negativt for naturmiljøet og verneføremålet. Kvar søknad må difor vurderast for seg og ut i frå ei samla belastning i området. No er samla belasting vurdert som avgrensa.

#### *§ 11 kostnadane ved miljøskadar*

Det er ikkje forventa at tiltaket skal føre til skade på naturmangfaldet, med kunnskapen vi har om området no. Om det skulle oppstå skadar er løyvehavar ansvarleg for å dekkje eventuelle kostnader med avbøtande tiltak.

#### *§ 12 forsvarlege teknikkar og driftsmetodar*

Arrangøren må kontakte grunneigarane i området for samarbeid til gjennomføring av løpet. Aktuelle avklaringar er parkeringstilhøve, husdyr på beite (grinder) og eventuell landbruksdrift.

I eit verneområde vil det vere ønskjeleg at naudsynt utstyr i samband med slike arrangement vert frakta inn utan bruk av motoriserte kjøretøy. Bruk av ATV eller bil vil ikkje vere i tråd med dette, men forvaltninga kan aksepterer at det kan være naudsynt med ATV eller bil for å transportere dei største og tyngste tinga. Arrangørane skal halde den motoriserte aktiviteten som arrangementet medfører på eit minimum.

Forvaltaren vurderer det slik at arrangementet med noko naudsynt motorferdsle ikkje er i strid med verneføremålet og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig, som er kravet for å gje løyve etter § 48 i naturmangfaldlova.

Med dei positive erfaringane vi har frå dei tidlegare arrangementa, meiner forvaltaren det er tilrådeleg å gje løyve til gjennomføring av Folgefonna Opp for 2016.

Arkivsaksnr: 2016/2230-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 02.03.2016

| <b>Utval</b>                 | <b>Utvalssak</b> | <b>Møtedato</b> |
|------------------------------|------------------|-----------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 4/16             | 15.03.2016      |

**Framlegg - Folgefonna Nasjonalpark - Ullensvang - Gnr 52 bnr 1 -  
Vedhogst til eige bruk - Ove Kambestad**

**Tilråding frå forvaltaren**

Ove Kambestad får løyve til å ta ut ved til eige forbruk ved Håedal i Folgefonna nasjonalpark, Ullensvang herad. Løyvet har heimel i verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark § 3, punkt 2.3, med dei vilkåra som er lista under.


**Vilkår**

- Løyvet gjeld vedhogst i nærmere avgrensa område (sjå kart i saka) frå 2016 til og med 2019
- Det skal vere plukkhogst
- Gamle og daude tre skal stå igjen, særleg langs elva
- Hogsten skjer på vinteren, innan 1. mai kvart år
- Løyvet gjeld uttak av inntil 1 kubikkmeter ved (ferdig kvista) kvart år

## Søknaden

Ove Kambestad søker i e-post datert 18.02.2016 om å ta ut ved til eige bruk i stølshuset på Håedal i Ullensvang innanfor Folgefonna nasjonalpark. Stølshuset hører til Gnr. 52 bnr. 1. Vedhogsten er berre til eige bruk i stølshuset. Åleg forbruk svarer til om lag 10 sekkar à 60 liter ved. Det vil bli brukt motorsag under vedhogsten.

Vedhogsten er tenkt utført som plukkhogst innanfor markert område på kartet. Ved skånsam plukkhogst innanfor eit så stort område som vist på kartet meiner Kambestad at det vil vise lite att i terrenget. Samstundes er dette nær nok til at veden kan berast fram til stølshuset, slik at motorisert transport ikkje vert naudsynt.



## Vurdering av saka etter verneforskrifta

Saka gjeld hogst av ved til eige forbruk på stølen Håedal i Ullensvang herad. Heile området ligg innafor Folgefonna nasjonalpark. Føremålet med vernet er blant anna å ta vare på eit stort og tilnærma urørt naturområde og sikre det biologiske mangfaldet med økosystem, artar og bestander.

I forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3, punkt 2 er all vegetasjon verna mot all slags skade og øydelegging, men det er opna for at forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til hogst av ved til eigen bruk (i § 3, punkt 2.3). I forvaltingsplanen står det:

*«Etter pkt. 2.3 i vernereglane kan forvaltingsstyresmakta gje løyve til vedhogst til eigen bruk. Slik hogst kan dekkje behovet for ved til stølshus og hytter inne i nasjonalparken i tilfelle der andre løysingar vert lite føremålstelege. Det har vore hogge lite ved i dei aktuelle områda. Forvaltingsstyresmakta vil difor leggje opp til ein lite restriktiv praksis og opne for fleirårige løyve, slik at denne hogsten i praksis skal kunne halde fram omlag som før.»*

Det er opning for å gje fleirårig løyve etter verneforskrifta for dette tiltaket. Styret ønskjer at alle fleirårige løyver skal følgje styreperioden, difor er det aktuelt å gje eit løyve som gjeld fram til og med 2019.

## Vurdering av saka etter naturmangfaldlova

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.

### *Naturmangfaldlova § 8 Kunnskapsgrunnlaget*

Naturverdiane i Folgefonna nasjonalpark er knytte til landskap, vassdragsnatur og geologi. All vegetasjon i nasjonalparken er i utgangspunktet freda.

Då vernet vart oppretta vart behovet for uttak av ved til stølshus og hytter inne i nasjonalparken vurdert og det vart opna for at ein kunne hogge ved til eige bruk etter søknad. Søknaden vil ikkje vere i direkte konflikt med verneføremålet.

Håedalen ligg om lag 650 moh. og er eit av fleire stølsmiljø innanfor nasjonalparken. Rundt gamle stølsvollar er det ofte ønskeleg å halde det ope og attgroing er eit problem. Her kan vedhogst vere positivt. Det er ikkje registrert spesielle artar eller naturtypar som er avhengige av skog i området skissert i søknaden (jamfør Naturbase og Artsdatabanken, 02.03.2016). Det er likevel store biologiske verdiar knytte til daude tre og gamle tre og til tre nært opp til vassdrag. Difor set forvaltingsstyresmakta som vilkår for hogsten at gamle og daude tre bør få stå igjen, særleg langs elva. Hogsten skal vere plukkhogst og gå føre seg utan bruk av motorisert ferdsel. Dei negative verknadene av tiltaket er vurderte som minimale. For å hindre negative konsekvensar for dyr og fuglar i yngletida bør hogsten skje på vinteren, innan 1. mai kvart år.

Søkjar ber om å få hogge ved tilsvarande 10 sekker á 60 liter årleg.

Forvaltingsstyresmakta meiner at eit løyve på eit årleg uttak på inntil 1 kubikkmeter ved vil dekke dette behovet. Området veden skal hentast frå er om lag 160 dekar. For eit så lite volum er det heilt uproblematisk å gje fleirårig løyve. Generelt sett er det lite hogst innanfor nasjonalparken og dette tiltaket er av ein veldig avgrensa karakter, så den samla belastinga er minimal, jamfør § 10 i naturmangfaldlova. Vi meiner at det er god nok kjennskap til verknadene av tiltaket i området og at verneverdiane i nasjonalparken ikkje vil bli skadelidande. Difor er føre-var-prinsippet i § 9 i naturmangfaldlova ikkje lagt vekt på i denne saka.

Arkivsaksnr: 2016/2843-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 07.03.2016

| <b>Utval</b>                 | <b>Utvalssak</b> | <b>Møtedato</b> |
|------------------------------|------------------|-----------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 5/16             | 15.03.2016      |

## **Folgefonna nasjonalparkstyre Konstituering for perioden 2016-2019 og val av leiar**

### **Innstilling frå forvaltar**

I medhald av punkt 4 og 5 i vedtekter av 15.08.2015 for Folgefonna nasjonalparkstyre, vert styret konstituert med val av leiar, nestleiar og arbeidsutval for perioden 2016-2019.

Følgjande er valde

Leiar: \_\_\_\_\_

Nestleiar: \_\_\_\_\_

Arbeidsutvalet (AU) er sett saman av leiar, nestleiar og 1 medlem.

Medlem arbeidsutvalet: \_\_\_\_\_

Vararepresentantar til AU:

1. \_\_\_\_\_

2. \_\_\_\_\_

### **Saksopplysningar**

Saksdokument:

- Brev av 15.08.15 frå Miljødirektoratet til aktuelle kommunar og fylkeskommunar, Utpeiking av nye representantar til nasjonalpark- og verneområdestyrrene
- Forslag til representantar sendt frå kommunar og fylkeskommunar til Miljødirektoratet
- Brev av 08.02.2016 frå Miljødirektoratet, Oppnemning av medlemmer til Folgefonna nasjonalparkstyre for perioden 2016 – 2019
- Vedtekter for Folgefonna nasjonalparkstyre, revidert 15.08.2015

På bakgrunn av framlegg frå kommunane og fylkeskommunane har Miljødirektoratet oppnemnt følgjande medlemer for Folgefonna nasjonalparkstyre for perioden 2016- 2019:

*For Kvinnherad kommune: Leif Sverre Enes*

*For Odda kommune: Roald Aga Haug*

*For Jondal kommune: Jon Larsgard*

*For Ullensvang herad: Sofrid Borge*

*For Etne fylkeskommune: Siri Klokkerstuen*

*For Hordaland fylkeskommune: Bente Bondhus*

*personleg vara: Olav Gunnar Hjelmeland*

*personleg vara: Linda Haugland Jondahl*

*personleg vara: Reidun Haugen Dalseth*

*personleg vara: Kåre Olav J. Grønsnes*

*personleg vara: Ingemund Berge*

*personleg vara: Olav Magnus Hammer*

Ved oppnemninga av styremedlemene er det teke omsyn til krava i Lov om likestilling mellom kjønna.

Miljødirektoratet fastsette reviderte vedtekter for Folgefonna nasjonalparkstyre 15.08.2015. I medhald av vedtektena punkt 4 skal styret sjølv velja leiar og nestleiar:

**«4. NASJONALPARKSTYRETS MEDLEMMER, OPPNEVNING, SAMMENSETTING MV**

*Sammensetningen av styret skal følge kravene til kjønnsfordeling i likestillingsloven § 13.*

*Nasjonalparkstyret skal ha 6 medlemmer med personlige varamedlemmer som møter når det faste medlemmet har forfall. Nasjonalparkstyret oppnevnes av Miljødirektoratet etter innstilling fra de berørte kommunene og fylkestinget i Hordaland.*

*Hver kommune skal være representert med ett medlem og innstiller en kvinne og en mann blant kommunestyrets medlemmer. Fylkeskommunen skal være representert med ett medlem fra fylkestinget/fylkesrådet, og innstiller en kvinne og en mann blant fylkestingets/fylkesrådets medlemmer.*

*Oppnevningsperioden for medlemmene følger valgperioden for henholdsvis kommunestyret og fylkestinget.*

*Nasjonalparkstyret velger selv sin leder og nestleder.»*

I medhald av vedtektena punkt 5 kan styret oppretta arbeidsutval.

**«5. OPPRETTELSE AV ARBEIDSUTVALG**

*Styret kan nedsette et arbeidsutvalg bestående av personer fra styret.*

*Styret kan gi arbeidsutvalget myndighet til å treffe vedtak etter naturmangfoldloven/verneforskriftene i enkeltsaker som ikke er av stor betydning for verneverdiene. Arbeidsutvalgets vedtak skal treffes innenfor rammen av prinsipper fastsatt av styret for de ulike saksområdene i tråd med naturmangfoldloven/verneforskriftene.»*

## **Vurdering**

Styret vel leiar og nestleiar. Styret må vurdere om det skal opprettast arbeidsutval. Dersom det skal opprettast arbeidsutval, vert det tilrådd å velja leiar, nestleiar og medlem til arbeidsutvalet. Det kan vere tenleg med varamedlemer til arbeidsutvalet dersom det er hastesaker og fast medlem ikkje kan møte.

Arkivsaksnr: 2016/2843-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 07.03.2016

| <b>Utval</b>                 | <b>Utvalssak</b> | <b>Møtedato</b> |
|------------------------------|------------------|-----------------|
| Folgefonna nasjonalparkstyre | 6/16             | 15.03.2016      |

## **Framlegg - Tildeling av tiltaksmidler til Folgefonna Nasjonalparkstyre 2016**

### **Innstilling frå forvaltaren**

Forvaltar har ikkje fremja forslag til vedtak i saka.

### **Saksopplysningar**

Folgefonna nasjonalparkstyre søkte Miljødirektoratet om 2 175 000 kr til tiltak i verneområda, ved møte 1. desember 2015. Folgefonna nasjonalparkstyre har satt opp og prioritert dei tiltak dei ynskjer å gjennomføre i nasjonalparken og landskapsverneområda i 2016. Styret ynskjer at dei 6 første tiltaka skal få 1. prioritet, medan dei neste tiltaka får 2. prioritet.

Tildelinga frå Miljødirektoratet er på 900 000 kr, og styret må no gjere ein endeleg prioritering av tiltak for 2016 innanfor denne ramma.

Under er lista for tiltak slik han vart sett opp 1. desember 2015.

### **Tiltaksmidlar for 2016**

| <b>Verneområde</b> | <b>Tiltakskategori</b>       | <b>Skildring</b>  | <b>Prioritet</b> | <b>Sum tiltaksmidlar</b> |
|--------------------|------------------------------|---|------------------|--------------------------|
| Folgefonna NP      | Tilrettelegging/ Informasjon | Innfallssport Etne. Parkering (avtale om areal og opparbeiding), info.tavle og velkomstportal | 1                | 500.000,-                |

|                                      |                                 |  |    |           |
|--------------------------------------|---------------------------------|--|----|-----------|
|                                      |                                 | Nasjonalparkstyret / SNO-lokalt  |    |           |
| Ænesdalen LVO/<br>Folgefonna NP      | Tilrettelegging/<br>Informasjon | Innfallsport Ænes. Parkering (avtale om areal og opparbeiding), info.tavle og velkomstportal<br>Nasjonalparkstyret / SNO-lokalt  | 2  | 500.000,- |
| Buer LVO                             | Vedlikehald/<br>Tilrettelegging | Rydding og vedlikehald av turstien inntil breen etter ras, trefelling og andre naturskader<br>SNO-lokalt / Nasjonalparkstyret  | 3  | 70.000,-  |
| Folgefonna NP                        | Tilrettelegging/<br>Informasjon | Gjenstanden skilting av Buførevegen/Pilegrimsvegen<br>Interesefellesskapet Buføre-/Pilegrimsvegen  | 4  | 25.000,-  |
| Folgefonna NP +<br>LVO               | Vedlikehald                     | Midlar til førefallande vedlikehald av stiar, vegar, bruver o.a. grunna naturskade<br>SNO-lokalt/Nasjonalparkstyret  | 5  | 100.000,- |
| Folgefonna NP                        | Tilrettelegging                 | Restaurering av Ridestien Tokheimslia.<br>Odda/Ullensvang turlag   | 6  | 100.000,- |
| Folgefonna NP +<br>LVO               | Informasjon                     | Velkomstportalar etter Miljødirektoratet sin nye designprofil på ein innfallsport i kvar kommune. Stålramme kr. 50.000 + oppsetjing 10.000 x 5<br>Nasjonalparkstyret i samar. m/<br>Besøkssenteret   | 7  | 300.000,- |
| Bondhusdalen<br>LVO                  | Vedlikehald/<br>Tilrettelegging | Innkjøp av «Drammenssladden» m/triangelfeste KR 16.500,- +MVA og transport ca. 2.000,- (komplett med slodd, gaffel, stropper, monteringssett samt kjetting)<br>Samt innkjøp av grus for oppgrusing av Isvegen opp til Bondhusvatnet.<br>Grunneigarlaget vil drifta sladden og stå for arbeidet med grusing og vegvedlikehald | 8  | 50.000,-  |
| Hattebergsdalen<br>LVO               | Uttak av<br>framande artar      | Uttak av gran i samband med oppgradering av tursti langs Hattebergfossen i Rosendal.<br>Fyrste del av eit større prosjekt.<br>Baroniet i Rosendal og SNO-lokalt/Nasjonalparkstyret   | 9  | 100.000,- |
| Folgefonna NP                        | Tilrettelegging                 | Utbetring med steinsetting av stien frå Øyresmerkevatnet opp til Breidablikk Turisthytte (arbeidet er utført)<br>Bergen og Hordaland Turlag  | 10 | 200.000,- |
| Ænesdalen LVO                        | Tilrettelegging                 | Hengebru ved Grisakleiv i Ænesdalen<br>SNO-lokalt/Nasjonalparkstyret   | 11 | 130.000,- |
| Buer LVO                             | Uttak av<br>framande artar      | Uttak av gran langs stien til Reinanuten i Buerdalen<br>SNO-lokalt/Nasjonalparkstyret  | 12 | 100.000,- |
| <b>Tiltak utan økonomiske midlar</b> |                                 |  |    |           |
| Buer LVO                             | Teljing                         | Setje opp og drifta ferdselsteljar på tursien i Buerdalen inn mot breen.<br>SNO-lokalt   | 1  | 0,-       |
| Folgefonna NP                        | Teljing                         | Setje opp og drifta ferdselsteljar i på Buførevegen opp Reiseterlia.   | 2  | 0,-       |

|               |         |  |   |     |
|---------------|---------|--|---|-----|
|               |         | SNO-lokalt   |   |     |
| Folgefonna NP | Teljing | Setje opp og drifta ferdselsteljar i på<br>Buførevegen opp frå Botsvatn.<br>SNO-lokalt | 3 | 0,- |

**Vurdering av saka:**

Styret må setja opp prioritering av tiltak i 2016 med utgangspunkt i løyvde midlar. Tildelingsbrev med oversikt over tildeling er vedlagt. Forvaltar legg fram saka til diskusjon.



Likelydende brev til nasjonalpark- verneområdestyrene

Trondheim, 07.12.2015

Deres ref.:  
[Deres ref.]

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2015/10137

Saksbehandler:  
Marte Eliasson

## Informasjonsbrev til nasjonalpark- og verneområdestyrene

Miljødirektoratet har som kjent revidert vedtekten for alle nasjonalpark- og verneområdestyrene. I vedtektenes pkt.2 går det nå frem at styrene anses som en egen juridisk person med myndighet til å inngå avtaler og påta seg forpliktelser innenfor de økonomiske rammene styret disponerer. Dette innebærer at styrene må skaffe seg et organisasjonsnummer som er et unikt nummer for identifikasjon av juridiske personer (enheter) i Norge. Dette får man ved å registrere styret i Brønnøysundregisteret.

Miljødirektoratet vil, når styret har registrert seg i Brønnøysundregisteret, kunne overføre driftsmidler og tilskuddsmidler direkte til styret basert på innmeldte behov og søknader om tilskudd. Dersom styret ønsker dette må det i tilfelle opprette en egen bankkonto tilhørende styret, og det vil, i tråd med økonomibestemmelsene for staten, bli stilt krav til at styret etablerer systemer og rutiner for intern kontroll.

Styrene må derfor levere revisorbekreftet regnskap som viser hvordan utbetalte midler er benyttet. Dersom regnskapstallene rapporteres på et overordnet nivå, er det også behov for å rapportere økonomien med et mer detaljert og fullverdig regnskap for driften. Regnskapet bes lagt ved rapporten som vedlegg. Dersom det viser seg at det er utbetalt for mye ved avregning, kan dette kreves tilbakebetalt, men dersom tildeling videreføres i etterfølgende år, kan tildelingen for etterfølgende år eventuelt reduseres med et beløp tilsvarende det som er for mye utbetalts.

Dersom forutsetningene for utbetaling endres vesentlig eller bortfaller (teknisk/faglig, økonomisk eller framdriftsmessig), skal Miljødirektoratet underrettes umiddelbart.

Regnskapsbilag knyttet til gjennomføringen av tiltaket skal oppbevares i minst 10 år, eller i henhold til regnskapsloven. Styrene skal legge frem opplysninger ved forespørsel og bidra på andre måter til å muliggjøre og lette kontrollarbeidet. Miljødirektoratet kan iverksette alle kontroller vi finner nødvendige og hensiktmessige.

Det gjøres videre oppmerksom på at Miljødirektoratet helt eller delvis kan kreve utbalt beløp

tilbakebetalt dersom midlene ikke brukes i henhold til forutsetningene eller at forutsetningene bortfaller.

### Hvordan gå frem for å registrere styret i Brønnøysundregisteret

Når styret skal registrere seg i Brønnøysundregisteret må det fylle ut skjema om «Samordnet registermelding». Dette skjemaet finner dere ved å gå inn på altinn.no. Klikk dere inn på samordnet registermelding. På midten av siden finner dere dette skjemat i papirblankett.

Pliktige opplysninger som må meldes for å få tildelt organisasjonsnummer fremkommer av enhetsregisterloven § 5. I tillegg skal opplysninger som nevnt i § 6 meldes, dersom de finnes. Dokumentasjonskravene fremkommer av § 8.

Som vedlegg til dette brevet ligger et skjema om samordnet registermelding hvor vi har «gulet ut» de feltene som må fylles ut. De øvrige punktene i skjemaet kan utelates. For å lette utfyllingen av skjemaet har vi under gitt noen kommentarer til noen av de punktene som må fylles ut i skjemaet, og hvor vi regner med det kan oppstå spørsmål i forbindelse med utfyllingen.

I pkt. 2 skal det krysses av for enhet som ikke er registrert tidligere.

I pkt. 3 skal det krysses av for «Nei» i 3.1.

I pkt. 8 skal det krysses av for alternativet «annen juridisk person»

I pkt. 9a skal dato for oppnevnelsen av styret oppgis.

I pkt. 11 skal det gis en beskrivelse av styrets oppgaver, f. eks forvaltning av X verneområde.

I pkt. 12 skal forvalter og styreleder oppgis.

I pkt. 14 skal vedtaksdato og år for gjeldende vedtekter oppgis.

I pkt. 19 skal alle styredeltakere og deres roller oppgis.

I pkt. 20 skal det krysses av for hvem som skal tildeles signatur. Her kan styret finne frem til det alternativ de mener egner seg best, men forvalter kan ikke tildeles denne myndigheten alene.

I pkt. 22 må revisor oppgis.

I pkt. 23 må regnskapsfører oppgis.

I pkt. 27 må alle styremedlemmer signere.

I tillegg til utfylling av skjema om samordnet registermelding, må følgende dokumentasjon vedlegges skjemaet:

- gjeldende vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyret
- brev fra Miljødirektoratet/Klima- og miljøverndepartementet om oppnevning av gjeldende styre
- styrevedtak med fullmakt til styrets leder/styremedlemmer leder til å inngå avtaler og påta styret forpliktelser - signaturrett

Hilsen  
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Olav Nord-Varhaug  
seksjonsleder

Marte Eliasson  
seniorrådgiver

Kopi til:  
Klima- og  
miljødepartementet Postboks 8013 Dep 0030 OSLO

Fylkesmennene

## Vedlegg: Skjema - Samordnet registermelding

DS 1/16 Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Bruk av snøscooter mellom Espeland og Vierdal vinteren 2016

DS 2/16 Oversending av søknad - Folgefonna Nasjonalpark - Holmaskjer - Motorferdsel - Odda / Ullensvang Turlag

DS 3/16 Søknad - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Skare - Fossaseter - Bruk av scooter til utkjøring av saltstein

DS 4/16 Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Snøscootertransport fram til Blåvassbu og Svarthammar 2016 - Ola Espeland

DS 5/16 Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Etne - Bruk av snøskuter - Bergstø

DS 6/16 Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Odda - Espelandsmarka - Grønsdalsstølane - Sandvinsstølane - Motorferdsel

DS 7/16 Løyve - Folgefonna Nasjonalpark - Kvinnherad - Helikoptertransport mellom Ænes og Gygrastolsvatnet